

Kvifor katten greier å lande på beina

Huskatten har svært gode sjansar til å komme seg uskada frå eit fall. Det er fleire årsaker til det:

Ryggrada til katten er ekstremt bøyeleg. I tillegg har huskatten lynraske muskelrefleksar.

Katten har ei svært god evne til å oppfatte kva veg kroppen er orientert når han er i lufta. Synet og balanseorganet i katten sitt indre øyre hjelper han til å vite om han er opp-ned eller rett veg i forhold til bakken.

Når du ser ein katt gå inn i eit fall med ryggen ned, kan det sjå ut som om han sprellar tilfeldig med beina for å snu kroppen.

Men ser du biletopptak av ein katt i fall i langsam kino, ser du at det er ein slags systematikk i katten sine rørsler. Først snur han hovudet før han vrir kroppen etter. I tillegg har han halen til å hjelpe litt til. Til slutt strekkjer han ut beina og skyt rygg. Dette gjer han for å sikre best mogleg fjøring i kroppen når han treffer bakken.

Kjelde: Illustert vitenskap

<https://illvit.no/dyr/katt-hvorfor-lander-katter-alltid-pa-bena>

